



Johan Nærøy gjer klar for ei ny festivalhelg i Uskedalen med ein triveleg og stemningsfull camp.

Arbeidet med klargjering og rigging av Festivalcampen er i full gang. Ansvarlege i år som i fjor er Eirik Kvindesland og Johan Nærøy frå Stavanger. Campen er på same område nede ved elva. Målet er å skapa god festivalstemning i eit trygt og triveleg miljø. Johan Nærøy framhevar den vakre naturen i Uskedalen og heile atmosfæren rundt dette med Festidalen.

Johan Nærøy har til vanleg sommarjobb i Rosendal. Han trivst i Kvinnherad og er det han kallar seg, ein profesjonell amatør i å drifta ein festivalcamp. Campen vert rigga om lag på same måten som i fjor med framlagd vatn og straum. Områda for telting og plassering av bilar vert synleg skilta. Det same gjeld merkte brannvegar.

Campen er for alle som ynskjer å bu nær festivalområde, også for dei som bur lokalt. Det er ein eigen billett for campen. Eit større telt er alt kome på plass. Her vert det sett ut bord, benker og sitjegrupper. Dersom det vert regn, kan ein sitja under tak. Toaletta har høg standard.



[Det er alt lagt fram vatn og straum til Festivalcampen.](#)

Johan Nærøy gler seg til helga og mottaket av mange stemningsfulle festivalgjester. Han treng fleire frivillige. Vaktene går på i 18 tida på kvelden fram til kl. 02 på natta. De vil alltid vera tilsyn og vakter på område og ved inngangen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal